

B-1

Ansvarleg Søkar		
Hammar-Kameratane AS v/Marius Tenden	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon
	99546989	
Adresse	Postnr.	Poststad
Hella 60	5936	Manger

## SØKNAD OM DISPENSASJON

Det søkjast om dispensasjon for følgjande eigedom				
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Snr.	Eigedomens adresse
45	322			<b>Radøyvegen, 5936 Manger</b>
45	1	84		<b>Radøyvegen, 5936 Manger</b>

Det søkes med dette om dispensasjon fra:

	Kommuneplanens bestemmelser
X	Reguleringsplan
	Bebyggelsesplan
	Plan- og bygningslovens § 1-8
	Teknisk forskrift
	Veglova
	Anna:

Det søkjast om dispensasjonen fra følgjande bestemmelse/forskrift, for:

### Reguleringsplan for Manger Torg §3.3.1

*Det er berre tillat å føre opp mindre bygningar i inntil øvre storleik på 15 m<sup>2</sup> som er naudsynt for drifta av kyrkjegarden innanfor o\_GU01.*

### Reguleringsplan for Manger sentrum §3.1.5

*Arealet innafor området nordaust for kyrkja, O8 og O9, er reservert til utviding av kyrkjegarden. Det er berre tillate å føre opp mindre bygningar som er naudsynte for drifta av kyrkjegarden.*

Begrunning for å søkje dispensasjon er:

Radøy Sokn ynskjer å føre opp reiskapshus for kyrkjegarden.  
Huset vil verte nytta som lager og verkstad for maskiner og utstyr, i tillegg vil det verte toalett og garderobe moglegheiter for arbeidarar på kyrkjegarden.  
Storleiken er naudsynt for oppbevaring av større maskiner og utstyr som minigravar og hengar mm.  
Det er og naudsynt med ein liten verkstad for vedlikehald av utstyr og maskiner.  
I dag vert det leigd areal andre plassar for dette.  
Arbeidarar på kyrkjegarden nyttar no toalett i kyrkja, dette er ikkje ein heldig løysing når det er aktivitetar her.

Når det gjeld plasseringa kryssar denne fleire teigar og er såleis litt utfordrande, men ut ifrå framtidige planar om urneplass nord for tiltaket og tanken om ein tilbaketrekt og minst mogleg ruvande bygning er dette den absolutt beste plasseringa.

Tiltaket ligger delvis i arealformål Offentlig bygg - kirke etter reguleringsplan for Manger sentrum (område 08) og delvis i arealformål Grav og urnelund etter reguleringsplan for Manger torg. Tiltaket berører og Bevaringsområde O2 etter reguleringsplan for Manger sentrum.

Reguleringsplanen for Manger torg har satt ei øvre grense på 15m<sup>2</sup> for reiskapshus, mens reguleringsplanen for Manger sentrum har spesifisert «mindre bygningar». Då tiltaket er for stort for begge presiseringane søkjast det dispensasjon.

Reiskapshuset er ikkje planlagt større enn det som er behovet for drift av kyrkjegarden. Det er planlagt oppført med kvalitetar og utforming som skal gjere att det glir fint saman med omgjevnadane og lar kyrkja stå i fokus.

Begge reguleringsplanane opnar for bygning som er naudsynt for drift av kyrkjegarden. Men verken «15m<sup>2</sup>» eller «mindre bygningar» er tilstrekkeleg for nettopp å ivareta drifta av kyrkjegarden.

Meiner med dette att fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Ansvarleg Søkers underskrift

Sted og dato

Sandane 30/01-2018

Underskrift

 